

Forskrift om gebyr for sakshandsaming og kontroll etter forureinings-regelverket, Lom kommune, Innlandet fylke

Heimel: Fastsett av Lom kommunestyre **dd. mmmm 202X** med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 52 a og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) av §§ 2-12 og 11-4 og forskrift 28. juni 2018 nr. 1060 om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger § 11.

Kapittel 1. Generelle føresegner

§1-1. Formålet til forskrifta

Forskrifta gir kommunen heimel til å dekka kostnadane ved sakshandsaming, tilsyn og kontroll som kommunen har som forureiningsmynde etter forurensningsloven, forurensningsforskriften og forskrift om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger.

§1-2. Verkeområdet til forskrifta

Forskrifta omfattar forhald der kommunen er myndeutøvar etter kapitla 2, 12, 13, 15 og 15A i forurensningsforskriften og i forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger.

Forskrifta omfattar gebyr for sakshandsaming, tilsyn og kontroll med:

1. Opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid (forurensningsforskriften § 2-12)
2. Utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, hytter og liknande (forurensningsforskriften § 11-4, jf. § 12-4)
3. Utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbygd område (forurensningsforskriften § 11-4, jf. § 13-4)
4. Utslepp/påslepp av oljehaldig vatn (forurensningsforskriften § 11-4, jf. § 15-4)
5. Påslepp av feithaldig vatn (forurensningsforskriften § 11-4, jf. § 15A-4)
6. Forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar (forskrift om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger, § 11).

§1-3. Kva gebyra dekker

Gebyr etter denne forskrifta skal dekka kostnadane kommunen har med sakshandsaming og kontroll eller tilsyn på dei områda forskrifta omfattar, medrekna løpende dokument- og systemkontroll og stadlege tilsyn etter vurdering av behov.

Gebyra skal ikkje overstiga kostnadane kommunen har ved sakshandsaming eller tilsyns- og kontrollordninga, og blir rekna ut i tråd med sjølvkostprinsippet.

Gebrysatsar etter denne forskrifta inngår i gebyrregulativet og blir vedtatt årleg av kommunestyret.

§1-4. Gebyrplikt

Gebyr for kontrolltiltak kan fastsetjast som årlege gebyr, sjølv om kontrolltiltak for det enkelte anlegget eller tiltak blir gjennomført sjeldnare enn kvart år.

Gebyrplikt for årlege gebyr trer inn frå gebyrforskrifta trer i kraft for anlegg som omfattast av forskrifta og som ikkje er tatt ut av drift.

For anlegg som får ny utslepps/påslepps-løyve, vil gebyrplikt tre inn frå og med den betalingstermin bruksløyve/ferdigattest for anlegget er gitt.

§1-5. Gebyrfritak

Gebyrplikt for årlege gebyr opphøyrar når kommunen mottek skriftleg dokumentasjon frå godkjend røyrleggjar på at vatnforsyning er kopla frå eller at krav om utslepps/påslepps-løyve opphøyrar.

Kommunen kan krevje gebyr etterbetalt frå tidspunktet gebyrfritak er innvilga, dersom anlegget takast i bruk utan kommunen si godkjennin.

§1-6. Innkrevjing

Den som får utført tenester etter denne forskriften skal betale gebyr. Gebyr reknast etter dei satsane som gjeld på det tidspunktet komplettsøknad er motteken av kommunen.

Fullt sakshandsamingsgebyr skal betalast også ved avslag på søknad.

Gebyra er tvangsgrunnlag for utlegg jf. forurensningsloven § 52 og tvangfullbyrdelsesloven § 7-2 bokstav e.

§1-7. Klage

Om det fattast enkeltvedtak med heimel i denne forskriften, kan dette klagast på etter reglane i forvaltningsloven.

Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om gebyrvedtaket er klagt inn.

Gebrysatsar fastsett av kommunestyret inngår i betalingsregulativet og kan ikkje klagast på.

§1-8. Mangelfull søknader

Dersom søknaden som kommunen mottek er mangelfull, kjem det eit tilleggsgebyr frå og med det andre mangelbrevet. Tilleggsgebyret kan fakturerast samstundes med at mangelbrevet sendast ut. Tida det blir rekna gebyr for omfattar arbeidet kommunen har med å skaffa dei nødvendige opplysingane, opplysa tiltakshavar om manglar, eller liknande arbeid. Gebyret gjeld alle påfølgjande kapittel i denne forskriften.

§1-9. Gebyr for avslutta sak før vedtak

For saker som trekkjast før endeleg vedtak, men etter at kommunen har satt i gang sakshandsaminga, skal det betalast 50 % av sakshandsamingsgebyret.

§1-10. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter forurensningsforskriften kapittel 2, 12, 13, 15 og 15 A og forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger som ikkje fell inn under andre føresegner i dette kapittelet, fakturerast etter medgått tid. I spesielle / atypiske saker kan kommunen avgjere at saka blir fakturert etter medgått tid.

Kapittel 2. Gebyr for sakshandsaming og kontroll med opprydding i forureina grunn

§2-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for sakshandsaminga til kommunen og kontroll i samband med opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid, jf. kapittel 2 i forurensningsforskriften.

§2-2. Gebyr for sakshandsaming og kontroll ved søknad om godkjenning av tiltaksplan

Det skal betalast eingongsgebyr for sakshandsaming og for kontroll ved søknad om godkjenning av tiltaksplan.

Gebyra dekker sakshandsaminga til kommunen og arbeidet kommunen har med kontroll og oppfølging i etterkant.

Sakshandsamingsgebyret blir fakturert per tiltaksplan.

Kontrollgebyret kan differensierast etter risiko for skade på helse og miljø.

Differensieringa kjøm fram av gebyrregulativet.

Gebyret blir belasta tiltakshavar.

Kapittel 3. Gebyr for sakshandsaming og kontroll med utslepp av sanitært avløpsvatn

§3-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for sakshandsaminga til kommunen og kontroll av utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhús, hytter og liknande, jf. kapittel 12 i forurensningsforskriften.

§3-2. Sakshandsamingsgebyr for handsaming av søknad om utsleppsløyve

Det skal betalast eit gebyr for sakshandsaming ved:

1. Søknad om utsleppsløyve inntil 15 personekvivalentar (pe).
2. Søknad om utsleppsløyve over 15 pe, inntil 50 pe.
3. Søknad om endring av utsleppsløyve.

Gebyret blir belasta tiltakshavar.

§3-3. Årleg gebyr for kontroll/tilsyn av anlegg med utslepp av sanitært avløpsvatn

Det skal betalast eit årleg gebyr for kontroll og tilsyn av avløpsanlegg.

Gebyret blir rekna per anlegg.

Det årlege gebyret blir belasta eigar av avløpsanlegg.

Kapittel 4. Gebyr for sakshandsaming og kontroll med utslepp av kommunalt avløpsvatn

§4-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for sakshandsaminga til kommunen og tilsyn og kontroll av utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbygde område, jf. kapittel 13 i forurensningsforskriften.

§4-2. Sakshandsamingsgebyr for handsaming av søknad om utsleppsløyve

Det skal betalast eit eingongsgebyr for sakshandsaming ved:

1. Søknad om utsleppsløyve.
2. Søknad om endring av utsleppsløyve.

Gebyret blir belasta tiltakshavar.

§4-3. Årleg gebyr for kontroll/tilsyn av anlegg med utslepp av kommunalt avløpsvatn

Det skal betalast eit årleg gebyr for kontroll og tilsyn av avløpsanlegg.

Gebyret blir rekna per anlegg.

Det årlege gebyret blir belasta eigar av avløpsanlegg.

Kapittel 5. Gebyr for sakshandsaming og kontroll med utslepp eller påslepp av oljehaldig avløpsvatn

§5-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for sakshandsaming og kontroll/tilsyn kommunen har med utslepp eller påslepp av oljehaldig avløpsvatn frå:

- a. bensinstasjonar,
- b. vaskehallar for køyretøy,
- c. motorverkstadar,
- d. bussterminalar,
- e. verkstadar og sentralar for klargjering av køyretøy, anleggsmaskinar og skinnegåande materiell, og
- f. anlegg for handsaming av understell

som enten har vaskeplass, smørjehall, servicehall eller liknande, jf. kapittel 15 i forurensningsforskriften.

§5-2. Sakshandsamingsgebyr for handsaming av søknad om utslepps/påslepps-løyve

Det skal betalast eit gebyr for sakshandsaming ved:

1. Søknad om løyve til utslepp eller påslepp av oljehaldig avløpsvatn.
2. Søknad om endring av løyve til utslepp eller påslepp av oljehaldig avløpsvatn.

Gebyret blir belasta tiltakshavar.

§5-3. Årleg gebyr for kontroll/tilsyn av anlegg med utslepp/påslepp av oljehaldig avløpsvatn

Det skal betalast eit årleg gebyr for kontroll og tilsyn av anlegg ol. som nemnt i § 5-1.

Gebyret blir rekna per anlegg.

Det årlege gebyret blir belasta eigar av anlegg.

Kapittel 6. Gebyr for sakshandsaming og kontroll med påslepp av feitthal当地 avløpsvatn

§6-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for sakshandsaming og kontroll/tilsyn kommunen har med påslepp av feitthal当地
avløpsvatn fra verksemd, jf. kapittel 15A i forurensningsforskriften.

§6-2. Sakshandsamingsgebyr for handsaming av søknad påsleppsløyve

Det skal betalast eit gebyr for sakshandsaming ved:

1. Søknad om løyve til påslepp av feitthal当地
avløpsvatn fra verksemd.
2. Søknad om endring av løyve til påslepp av feitthal当地
avløpsvatn fra verksemd.

Gebyret blir belasta tiltakshavar.

§6-3. Årleg gebyr for kontroll/tilsyn av feittutskiljarar

Det skal betalast eit årleg gebyr for kontroll og tilsyn av feittutskiljarar.

Gebyret blir rekna per feittutskiljar.

Det årlege gebyret for kontroll og tilsyn blir belasta eigar av feittutskiljar.

Kapittel 7. Gebyr for tilsyn med forbod mot fyring med mineralolje

§7-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for tilsynet kommunen gjer i samband med forbodet mot fyring med mineralolje etter
forskrift om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger.

§7-2. Eingangsgebyr for tilsyn

Det skal betalast eit eingangsgebyr ved tilsyn dersom kommunen avdekker lovbro.

Gebyret blir belasta eigar.

Kapittel 8. Ikraftsetjing

§8-1. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå dd. mmmm 202X.